



Fylkesmannen  
i Hordaland

## HERDLA FUGLEOBSERVASJONSTÅRN



Offisiell opning 19. april 2018

Foto: Lars J. Berge

Herdla er utan sidestykke den mest fuglerike staden i Hordaland. Samstundes vert Herdla meir og meir attraktiv for folk som vil oppleve den spesielle naturen her. Folk som kjem til Herdla skal få oppleve fuglane på nært hald, utan at fuglelivet vert skadelidande. Det nye fugleobservasjonstårnet er ei viktig brikke for å oppnå denne visjonen.

Herdla er ein heilt spesiell stad. Dei fleste som bur i Hordaland har eit forhold til denne særeigne øya. Den har blitt eit utfartsmål for mange ulike brukargrupper, og har du først vore her, tek det gjerne ikkje lang tid før du kjem att. På godvårsdagar er det ikkje uvanleg at fleire hundre turgåarar nyttar naturreservatet til naturoppleveling og rekreasjon. Det er sjølv sagt positivt, men slett ikkje problemfritt for fuglar som skal hekke, kvile og finne mat i det same området.

Den aller viktigaste delen av naturreservatet er skjerma for ferdsle i den mest sårbare tida av året. Her har Fylkesmannen i Hordaland, i nært samarbeid med Herdla Gård og Herdla Museum, det siste tiåret gjort mykje skjøtsel for å betre vilkåra for fuglane. Sitkagran er fjerna, søppel i stranda rydda og tidlegare drenert landbruksareal er gjort om til våtmark. Tiltaka har virka: Vipa har igjen blitt ein vanleg hekkefugl her, bestanden av sandlo, tjeld og raudstilk har auka, og myrsnipa — som har vore borte som hekkefugl på Herdla sidan 1975 — har på ny begynt å hekke her. Samstundes er gravanda årvisst på plass, som den einaste staden i Hordaland.

Ein konsekvens er at folk ikkje kan nytte dette arealet fullt ut når fuglane treng det som mest. Det er eit dilemma, for kjem du til Herdla, vil du



— Miljøvern er ei viktig oppgåve hjå Fylkesmannen i Hordaland. Forvalting av ein juvel som Herdla naturreservat er såleis ei prioritert oppgave for oss. Difor er eg både stolt og glad for at dette observasjonstårnet endelig har blitt ein realitet, seier fylkesmann Lars Sponheim.

Det er Fylkesmannen i Hordaland som har planlagt og realisert byggeprosjektet, med midlar frå Miljødirektoratet.

Lars Sponheim vert sjølv sagt ein sentral aktør under opningsmarkeringa 19. april.

sjølvsagt helst oppleve mest mogleg. Herdla er dessutan flat, og det er vanskeleg å få overblikk. Difor har eit eigna fugleobservasjonstårn vore eit saks i lang tid. No er det omsider på plass. Det har tatt sine år å få planlagt, finansiert og reist bygget, men no når det endeleg er realisert er vi særslig nögd med resultatet!

Tåret er fritt tilgjengeleg for publikum heile året. Sjølv om det ikkje er spesielt høgt, gir det eit godt oversyn over dei viktigaste delane av naturreservatet på Herdla.

Innlagt i tåret finst også ein pumpefunksjon for dreneringsvatn. Mykje av naturreservatet på Herdla er fulldyrka areal. Under den dyrka marka ligg eit omfattande system med dreneringsgrøfter. Desse vart ført inn i eit pumpehus, som leidde vatnet vidare til sjøen. Dette pumpehuset er no fjerna, og i staden lagt inn i grunnetasjen i observasjonstårnet. Vatnet blir ført vidare derifrå til ferskvassvåtmarkene som vart konstruert i 2011, for å sikre permanent vasstilførsle der.

Bygget var ferdigstilt 30. august 2017 og har vore mykje nytta av turgårar og fugleinteresserte sidan då. Den offisielle opninga av tåret finn stad **torsdag 19. april 2018 kl 1300**. Tåret skal vere ein «satellitt» til det nye Herdla Museum, som med tida skal få fleire utstillingar om fuglelivet på Herdla. Sjølv opninga skjer på museet, der det også vert gitt ei orientering om utførte og planlagde skjøtselstiltak i Herdla naturreservat. Etter opninga kan dei som har interesse av og høve til det spasere til tåret, der planen er å servere bålkaffi og surmelklappar.

Alle kan delta under opninga. Det er ikkje krav om påmelding, men det er praktisk for oss om du registrerer deg på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland) slik at vi har ein viss idé om kor mange som møter fram. Her vil du også finne eit meir detaljert program for dagen når dette er klart.



Foto: Lars J. Berge

## Herdla fugleobservasjonstårn

**Funksjon:** Observasjonstårn og informasjonspunkt for fugle- og naturinteresserte, med innlagt pumpefunksjon for drenering av avløpsvatn.

**Arkitekt:** Lars Jonsson Berge (LJB AS Arkitektur og landskap)

**Ferdigstilt:** 30. august 2017.

**Byggkostnad:** NOK 1 500 000 eks. mva, planlegging og prosjektering ikkje medrekna.

**Eigar:** Herdla Museum.

**Planlegging og finansiering:** Fylkesmannen i Hordaland, med midlar frå statsbudsjettet via Miljødirektoratet.

**Grunneigar:** Herdla Gård.



*Herdla naturreservat i 2012. Det vesle, raude skuret sentralt i framkant av biletet er det gamle pumpehuset som no er fjerna. Funksjonen er bygd inn i det nye fugleobservasjonstårnet, som står om lag på same staden. Foto: Magnus Johan Steinsvåg, Fylkesmannen i Hordaland.*